

Klima- og Miljødepartementet

Deres ref.

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)
Sak nr. 2017/1483 / JTH

Dato
22.03.2017

**HØYRING - FORSLAG OM OPPHEVING AV VANNSCOOTERFORSKRIFTEN. MERKNAD FRÅ
VERNEOMRÅDESTYRET I SVR**

Syner til høringsbrev datert 23.12.2016, dykkar referanse 16/1904. Verneområdestyret ga uttale i saka i møtet 15.3.2017, sak 14/17. Sjå vedlegg.

Med helsing

Jørn Haug
Verneområdeforvaltar SVR

Kopi til:
Fylkesmannen i Aust og Vest Agder

Arkivsaksnr: 2017/1483-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 21.02.2017

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	14/17	15.03.2017

Høring - forslag om oppheving av vannscooterforskriften

Vedlegg

1 Høring om oppheving av vannscooterforskriften.docx

Forvalters innstilling

Ved oppheving av vannscooterforskrifta vert det opna for ein ny motorisert brukargruppe i verneområda og der bruksmønsteret vert annleis enn for vanleg motorbåt. Verneområdestyret kan ikkje sjå at konsekvensane av dette i høve til verneverdiane er vurdert i forslaget.

Verneområdestyret tilrår at forbodet mot vannscooter framleis vert gjeldande for verneområda. Alternativt må bruk av vannscooter i verneområda regulerast på anna vis.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Vedtak

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling

Saksopplysninger

Klima- og miljødepartementet har sendt på høring eit forslag om å oppheva forskrift av 21. juni 2013 om bruk av vannscooter og liknande. Ei oppheving inneber at det ikkje lenger vil vera ein

nasjonalt fastsett særregulering av vannscooter. Bruk av vannscooter vil da vera likestilt med motorbåt, og der bruk vil vera regulert gjennom *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag* (motorferdsellova). Av § 4 i denne går det fram at:

«Ferdse med motorfartøy er tillatt på innsjøer som er 2 kvadratkilometer eller større, på elvestrekninger, og på innsjøer mindre enn 2 kvadratkilometer dersom disse inngår som en del av et farbart vassdrag. Kommunen kan likevel bestemme at ferdsel som nevnt helt eller delvis ikke skal være»

Av høyringsbrevet går det fram at etter ei eventuell oppheving av vannscooterforskrifta, vil kommunane kunne regulere bruken av vannscooter gjennom eigne lokale forskrifter, om dei ønskjer dette.

Bakgrunnen for forslaget er at regjeringa ikkje ser trongen for ulik handsaming av vannscooter og andre fritidsfartøy. Endringa vil gi eit meir einsarta og brukarvennleg regelverk som og er enklare å handtere.

I kva verneområde vil oppheving av vannscooterforskrifta få verknad?

I Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde og i Stensbuskaret – Hisdal biotopvernområde (bvo) er ikkje motorferdsel på vatn og vassdrag regulert av verneforskrift. Her er det da bestemminga i § 4 i motorferdsellova som gjeld. På grunn av ferdselsforbode, er motorisert ferdsel på dei delane av Bossvatn som inngår i Steinsbuskaret – Hisdal bvo. forbode.

Vurdering

Det er vanskeleg å føreseie om oppheving av vannscooterforskrifta vil gi auka motorisert ferdsel i verneområda. Kanskje vil dette i stor grad avgrense seg sjølve som følgje av tilgjenge og vass temperatur. Likevel vil opphevinga av forskrifta opne for ein ny motorisert brukargruppe der ferdsel ikkje vil vera regulert i verneforskrifta. Forvaltar kan ikkje sjå at dette er vurdert i forslaget.

Det er ein god del båtbruk i verneområda og der båten er eit viktig hjelpemiddel for å utnytte ressursane i fjellområda. Det er grunn til å tru at vannscooter vil ha eit anna bruksmønster enn motorbåt. Framfor transport mellom pkt. A og B vil det i større grad handle om fornøyleseskøyring på vatna. Om aktiviteten vert av eit visst omfang kan dette på sikt føre til ei undergraving av verneverdiane. For utøving av tradisjonelt friluftsliv vil og bruk av vannscooter i større grad opplevast som vedvarande støy som reduserer opplevingsverdien.

Det er ikkje utarbeida nokon heilskapleg oversikt i saka som syner kva vatn og vassdrag som vil vera opne for bruk av vannscooter ved oppheving av forskrifta. Nokre stader peikar seg likevel ut, til dømes Reinevatn i Bykle som ligg ved open bilveg inn til Store Urevatn. I tillegg kjem dei store magasinane som ikkje er omfatta av vernet men likevel ligg heilt eller delvis innanfor ytre avgrensing av verneområde, eks. Rosskreppfjorden.

Det bør nemnast at Miljødirektoratet på tinging frå Klima- og miljødepartementet har satt i gong eit arbeid for mindre endringar i verneforskrifta slik at det vert opna for sykling og riding på vegar og stiar. I dette arbeidet vert det og gjeven ein viss opning for andre mindre justeringar av verneforskrift der dette er aktuelt. Forvaltar ser det som høveleg at ein i dette arbeidet spelar inn trong for regulering av vannscooter.